

# Givaravtale

Ja, eg vil støtte diakonien i Gulen, og vil gi: (Sett kryss for det beløpet du vil gi, anten ein gong kvar måned, eller ein gong kvart år.)

Anten:

- Kr 100,- kvar måned  
 Kr 200,- kvar måned  
 Kr 300,- kvar måned  
 Evt. anna beløp kvar måned  
(fyll inn beløp her) .....

Eller:

- Kr 1 200,- kvart år  
 Kr 2 400,- kvart år  
 Kr 3 600,- kvart år  
 Evt. anna beløp kvart år  
(fyll inn beløp her) .....

- Eg ønskjer skattefrådrag for gåva og oppgir personnummer:  
.....

Namn:  
.....

Adresse:  
.....  
.....

Stad	Dato	Signatur

Returner givaravtalen ferdig utfylt til:  
Gulen kyrkjekontor, 5966 Eivindvik  
Du kan og inngå avtale ved å sende ein e-post.  
Bruk adresse:  
rune.ziener@gulen.kommune.no  
Telefon: 57 78 20 70



DEN NORSKE KYRKJA  
Gulen kyrkjelege fellesråd

# Diakoni i Gulen

## ...fast givar?



DEN NORSKE KYRKJA  
Gulen kyrkjelege fellesråd

# Diakoni i Gulen

Sokneråda i Gulen har satsa på diakoni i kyrkjelydane, og har difor engasjert ein diakon i 20% stilling som arbeider saman med eit diakoniutval. Det er utarbeidd planar for diakoni lokalt.

Diakonien er *kyrkja si omsorgstenetse, den er evangeliet i praksis.*

Diakoni dreier seg om omsorg for den enkelte, anten det er ein person i sorg etter dødsfall eller samlivsbrot, ein person som slit med rus, ein som er einsam, anten han er ung eller gammal.

Diakoniutvalet i Gulen, saman med diakonen, ønskjer mellom anna:

- **Å opprette besøks- og kontaktteneste**
- **Gi tilbod til sørgande**
- **Skape eit rusfritt og inkluderande ungdomsmiljø**
- **Å lage møteplass for småbarn med foreldre**
- **Markere skaparverkets dag**

Diakonistillinga i Gulen er eit samarbeid med fellesråda i Hyllestad, Solund og Høyanger. Gulen sin del av stillinga vil måtta finansierast i vesentleg grad ved innsamla midlar.

Det er ønskjeleg å ha ei fast givar-teneste der ei gruppe menneske gir ein fast avtalt sum kvar måned. Vil du være med på denne "dugnaden" i det diakonale arbeidet?

# Fast givar?

Vi har eit innsamlingsmål på kr 55 000,- kvart år for å finansiere diakonistillinga. For å få til dette treng vi litt meir enn 20 husstandar i Gulen som kvar gir i snitt kr 200,- kvar måned. Dette har vi eit håp om at vi kan få til. Nettopp derfor treng vi *di* hjelp.

På baksida av denne foldaren er det ein givaravtale som du kan bruke til å melde deg som fast givar. Du seier då ja til å gi diakonien i Gulen ei gåve, anten kvar måned eller kvart år. Du kan sjølv velje beløpet du vil støtte diakoniarbeidet med.

Du vil få tilsendt giroar frå kyrkje-kontoret, anten til månedleg eller årleg betaling. Det enklaste for deg vil sjølv-sagt vere å legge inn fast månedstrekk, dersom du nyttar nettbank.

Som fast givar vil du og motta kvartals-vise nyheitsbrev som viser kva som går føre seg av diakoni i Gulen. Som fast givar vil du og få særskilte invitasjonar til sosiale samkome med ei diakonal ramme.

## Gåver til Den norske kyrkja er skattefrie.

Alle som gir gåver til Den norske kyrkja, på mellom kr 500,- og 12000,- på eitt år, har rett på inntektsfrådrag for dette beløpet.

## Kva må du gjere?

For deg som givar er skattefrådraget enkelt. Når du som fast givar vil ha skattefrådrag treng du berre krysse av på givaravtalen at du ønskjer skattefrådrag og oppgi personnummer i rubrikken for dette. Då vil vi rapportere det beløpet som gir frådrag til skattestyresmaktene, og frådraget vil gå fram av årsoppgåve frå oss, og av di eiga sjølvmelding.